

Denguevirus

Analysemetode

SD BioLine Dengue Duo, ein immunkromatografisk hurtigtest for denguevirus antigen og antistoff (NS1-antigen, anti-dengue IgG og anti-dengue IgM).

Indikasjon


Mistanke om aktuell primær eller sekundær dengueinfeksjon. Reiseanamnese og sannsynleg dato for smitte er viktig å oppgi på rekvisisjonen. Testen påviser NS1-antigen frå dengueviruset, samt IgM og høge nivå av IgG mot dengue.

Prøvetaking

Serum eller plasma, sjå [Serologiske prøvar, prøvetaking](#), eller fullblod (EDTA).

Prøvetakingsutstyr

Prøverør til serum:



eller EDTA-blod:



Oppbevaring før transport/Haldbarheit

Serum/plasma: 2 veker i 2-8 C

Fullblod: 3 døgn 2-8 C

Serum kan frysast ved -20 C

Vurdering i laboratoriet

Svarast ut som positiv/negativ for antigen, IgG og IgM.

Antigen forventast å bli detektert 1- 9 dagar etter oppstått feber, IgM antistoff etter 5-10 dagar, og IgG antistoff etter 14 dagar, som då varer livet ut. Sekundær infeksjon vil gi stigning i IgG antistoff etter 1-2 dagar og i dei fleste tilfelle også ei stigning i IgM antistoff etter 4-5 dagar

Forventa analysetid

1 dag

Feilkjelder

Testen er ikkje eigna til å påvisa låge nivå av IgG-antistoff som ved tidligare gjennomgått infeksjon. Testen kan vere falsk negativ og falsk positiv pga kryssreaksjonar med andre flavivirus. Den er kun berekna som ein screeningtest, og positivt resultat må stadfestast ved PCR, IgM og IgG-undersøking av serum. Dette utførast ved Folkehelseinstituttet.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

27.10.2016 Gro Øren